



Nynorsk kultursentrum

# Vedtaksprotokoll styremøte

**Ivar Aasen-tunet, Ørsta**

**Torsdag 8. juni 2017 kl. 10.30–15.00**

## **Til stades**

Lodve Solholm (styreleiar), Grete Riise (nestleiar), Hilde Barstad, Brit Bildøen, Sæbjørn Forberg, Jon Østbø, Stina Aasen Lødemel, Ottar Grepstad (sekretær), Gaute Øvereng (observatør, sak 38/2017)

## **Forfall**

Øystein A. Vangsnes, rådsordførar

## **Sakliste**

### **Konstituering**

19/2017 Innkalling og sakliste  
20/2017 Godkjenning av protokoll

### **Saker til orientering**

21/2017 Referatsaker  
22/2017 Aktuelle saker  
23/2017 Personalsaker

### **Vedtaksaker**

24/2017 Rekneskap januar–april 2017  
25/2017 Løyvingar frå Vinje-fondet 2017  
26/2017 Retningslinjer vedlikehaldsfond  
27/2017 Olav H. Hauge-stipendet  
28/2017 Utstillingsplan Vinje-senteret  
29/2017 Avtale om Litteraturdagane i Vinje  
30/2017 Einar Økland-huset  
31/2017 ICOMs museumsetiske regelverk  
32/2917 Retningslinjer for eventuelle kjøp av samlingar

33/2017	Nynorsk kultursentrum 25 år 1993–2018
34/2017	Visjon og strategi 2018–2021
35/2017	Innspel til ny kulturmelding
36/2017	Møteplan 2018
37/2017	Vedtektsendring: oppnemningar rådet
38/2017	Museumsplan for Møre og Romsdal 2017–2027

#### **Drøftingssaker**

39/2017	Resultatvurdering vårsesongen 2017
---------	------------------------------------

## **Konstituering**

### **19/2017 Innkalling og sakliste**

#### **Vedtak**

Innkalling og sakliste er godkjende med ny sak «Museumsplan for Møre og Romsdal 2017–2027».

### **20/2017 Godkjenning av protokoll**

#### **Vedtak**

Protokoll frå styremøte 24.2.2017 er godkjend.

## **Saker til orientering**

### **21/2017 Referatsaker**

#### **Vedtak**

Styret tek informasjonen til vitende.

## **22/2017 Aktuelle saker**

### **Vedtak**

Styret tek informasjonen til vitende.

## **23/2017 Personalsaker**

### **Vedtak**

Styret tek informasjonen til orientering.

# **Vedtaksaker**

## **24/2017 Rekneskap januar–april 2017**

### **Vedtak**

1. Styret tek rekneskapen januar–april 2017 til vitende.
2. Styret bed om etterkalkyle for utvalde skulesekk-produksjonar til neste møte.

## **25/2017 Løyvingar frå Vinje-fondet 2017**

### **Vedtak**

A. Styret gjer slike vedtak om søknadene til Vinje-fondet i 2017:

01/17. Prosjektet fell utanfor retningslinjene for Vinje-fondet.

02/17. Vinje-fondet løyver 150 000 kroner til «Reportasjeserie om forvaltning og eigarskap til naturressursar» i Nationen.

03/17. Vinje-fondet løyver 50 000 kroner til «Meir nynorsk i Bygdanytt-kanalane».

04/17. 1. Prosjektet «Nynorsk barneavis» er verdifullt, men søknaden manglar så vesentleg informasjon at det blir umogleg å ta endeleg stilling no. 2. Som medlem i Samyrkela- get Norsk Barneblad må Nynorsk kultursentrum av habilitetsgrunar vite kva rolle bladet skal ha. 3. Vinje-fondet vurderer ein eventuell utvida og konkretisert søknad for 2018 etter dialog mellom søkaren og administrasjonen.

05/17. 1. Vinje-fondet løyver 80 000 til prosjektet «NH Ung» i regi av Avisa Nordhordland i 2017. 2. Med atterhald om budsjettvedtak i Stortinget løyver Vinjefondet 80 000 kroner i 2018 eller 2019.

B. I samsvar med førebels styrevedtak 1.10.2015 løyver Vinje-fondet 200 000 kroner til «Forskingsjournalistikk på nynorsk» til Framtida.no i 2017.

C. Administrasjonen førebur til neste møte eit framlegg til endring om fagrådet i retningslinjene.

## **26/2017 Retningslinjer vedlikehaldsfond**

### **Vedtak**

1. Styret godkjenner retningslinjene for vedlikehaldsfondet.
2. Styret bed administrasjonen til møtet i desember legge fram eit dokument over større utbyggings- og vedlikehaldsoppgåver som kan brukast viss det offentlege set i verk større selssetjingstiltak.
3. I søknaden om driftsmidlar frå staten for 2019 informerer Nynorsk kultursentrum om at eit slikt dokument er utarbeidd, og at det blir jamleg ajourført.

## **27/2017 Olav H. Hauge-stipendet**

### **Vedtak**

1. Nynorsk kultursentrum opprettar frå og med 2018 Olav H. Hauge-stipendet for unge lyrikarar.
2. Styret godkjenner framlegget til statuttar for stipendet med dei merknadene som kom fram i møtet.
3. Styret oppnemner fagjury for stipendet etter framlegg frå direktøren i styremøtet 3.10.2017.
4. Prosjektbudsjett for stipendet blir innarbeidd i dei årlege driftsbudsjetta for Ulvik poesifestival.

## **28/2017 Utstillingsplan Vinje-senteret**

### **Vedtak**

1. Styret godkjenner mandat og rammer for utstillingsgruppa med dei merknadene som kom fram i møtet.
2. Styreleiaren får fullmakt til endeleg oppnemning av medlemmer i samråd med direktøren.

## **29/2017 Avtale om Litteraturdagane i Vinje**

### **Vedtak**

Styreleiaren får fullmakt til å godkjenne endeleg avtale i samråd med direktøren.

## **30/2017 Einar Økland-huset**

### **Vedtak**

Styret tek stilling til det vidare arbeidet med saka i neste møte i samsvar med den skisserte tidsplanen.

## **31/2017 ICOMs museumsetiske regelverk**

### **Vedtak**

1. Styret tek informasjon og drøfting til vitende.
2. Styret drøftar saka neste gong i 2019.

## **32/2017 Retningslinjer for eventuelle kjøp av samlingar**

### **Vedtak**

1. Retningslinjene for kjøp av samlingar og enkeltgjenstandar er som før at Nynorsk kultursentrum ikkje går i konkurranse med offentlege arkiv og bibliotek. Heilt unntaksvis kjøper Nynorsk kultursentrum samlingar som elles kan vere aktuelle når dei er særleg verdfulle for allmenta eller eige arbeid, eller kan gå tapt viss ingen tek på seg ansvaret for vidare forvaltning.
2. I samsvar med ICOMs museumsetiske regelverk kjøper ikkje Nynorsk kultursentrum gjenstandar eller samlingar, og tek heller ikkje imot slike som gåver, med mindre proveniens er sikkert identifisert frå seljarens side.
3. Nynorsk kultursentrum offentleggjer ikkje eventuelle seljarar, kjøpesummar eller avtalede- taljar, men tek nøye vare på slik dokumentasjon i eige saksarkiv.
4. Styret gir direktøren fullmakt til å gjere slike kjøpsavtalar for inntil 100 000 kroner. Større kjøpesummar eller avtalar som inneheld nye overordna spørsmål, blir lagde fram for styret til avgjerd.
5. Direktøren kan utdjupe desse retningslinjene etter behov innanfor den ramma som er gitt.

## **33/2017 Nynorsk kultursentrum 25 år**

### **Vedtak**

1. Styret sluttar seg til hovudlinjene i planen for 25.årsjubileet og delegerer vidare avgjerder til styreleiaren i samråd med direktøren.
2. Budsjett for jubileumsprogrammet blir innarbeidd i driftsbudsjettet for 2018.

## 34/2017 Visjon og strategi 2018–2021

### Vedtak

1. Styret godkjenner *Visjon og strategi 2018–2021*.
2. Neste drøfting blir på styremøtet i juni 2020.

## 35/2017 Innspel til ny kulturmelding

### Vedtak

Styret bed administrasjonen lage ei *Kulturpolitisk perspektivmelding* i avgrensa format for drøfting i råd og styre hausten 2017 før dokumentet blir sendt og offentliggjort som innspel til *Kulturmelding for en ny tid*.

## 36/2017 Møteplan 2018

### Vedtak

1. I 2018 har styret møte i Aasen-tunet tysdag 27.2., onsdag 6. juni, fredag 28.9. og fredag 7.12.
2. Møtet 28.9. er fellesmøte med rådet, og til dette møtet blir også varamedlemmene i styret kalla inn.

## 37/2017 Vedtektsendring: oppnemningar til rådet

### Vedtak

For å sikre eit formelt trygt driftsgrunnlag og nødvendig fleksibilitet i stiftinga bed rådet om at styret vedtek å endre § 6, 2. avsnitt i vedtektene slik:

«Rådet skal ha minst 15 medlemmer med personlege varamedlemmer, ~~har 24 medlemmer med personlege varamedlemmer~~, alle oppnemnde for to år om gongen ~~med ein representant frå kvar av følgjande institusjonar~~. Desse institusjonane har rett til å oppnemne medlem med varamedlem til Rådet:

## Sak 38/2017 Museumsplan for Møre og Romsdal 2017–2027

### Vedtak

1. På grunnlag av dokument i saka, informasjon og drøfting i møtet handsamar styret framlegg til høyringsfråsegn som brevsak 8.8.2017.
2. Styreleiaren signerer høyringsfråsegna i samsvar med dokumenta i saka og drøftinga i dette møtet og eventuelle merknader i det skriftlege møtet.

# Drøftingssaker

## 39/2017 Resultatvurdering januar–mai 2017

### Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

## Godkjend protokoll

Protokoll frå styremøte 8. juni 2017 er godkjend i møte 3. oktober 2017.

\_\_\_\_\_  
Lodve Solholm

\_\_\_\_\_  
Grete Riise

\_\_\_\_\_  
Hilde Barstad

\_\_\_\_\_  
Brit Bildøen

\_\_\_\_\_  
Sæbjørn Forberg

\_\_\_\_\_  
Jon Østbø

\_\_\_\_\_  
Stina Aasen Lødemel

\_\_\_\_\_  
Ottar Grepstad